

# Hippie Langstrømpe

– Regel nummer ein: Hold deg alltid i noko fastmontert, formar Cily Shakti (49).

TEKST OG FOTO Inge R. Melde

**E**IN GONG I tida budde Cily Shakti i det ho sjølv karakteriserer som ein «skikkeleg» leilighet, i femte etasje i ei blokk på Danmarks plass. Ho syntest det var skikkeleg ile.

– Ingen som kom og gjekk... Så «final», liksom.

Etter mykje farting og fem år i telt, sit 49-åringen på golvet på sin elgen husbåt, som også har namnet «Shakti».

– For meg er dette «blitivet» heilt luksus. Då eg flytta inn, kjente eg det litt sånn «oaoao, eg har tak over meg». Plutselig hadde eg dusj og varme, og eg kunne lage mat inne. Eg må passe meg så eg ikkje blir eit luksurdyr.

**FØRENAMNET TIL CILY** Shakti er ei forkorting for Anne Cecille, som ho kallar seg i folkeregisteret. Morfaren kalla henne alltid berre for Cilla, og namnet blei hengende med så lenge at det opphavlege namnet blei litt fjernt for henne.

«Shakti» betyr guddommeleg kvinneleg energi og skaparkraft. Ho var hekta på yoga. Namneskiftet var eit naturleg val.

– Då eg sommaren 2019 kom tilbake til Bergen etter fem år på loffen, klarte eg ikkje tanken på å stå meg til ro i leilighet eller kollektiv. Ikkje kunne eg halde fram med å overnatte på sofaen rundt om hos vener til evig tid, heller.

Ho hadde flaks. Via vener fekk ho kjøpe ein gammal Pedro stålbat med fast båt plass

på Marineholmen, ei av dei to tilrettelegde bubåthamnene i Bergen by.

Cily er ein av dei rundt 125 innbyggjarane i vasskorpa i Damsgårdssundet.

– Bryggelivet er sosialt, praktisk og ganske rimeleg, fortel båtbuaren.

– Koronapandemien har ført til at det blir litt mindre av sosialt samvær for kaffolket no på vinteren, men kvar årstid har sin sjarm. Du må berre hente fram ei litt anna innstilling når slaps og kulde set inn.

**33 FOT LANGE** «Shakti» har blomkassar i akterenden og hengekøye i front. Den forholdsvis komfortable rottingssofaen som tronar på det signalgule bakdekket, fiska nokre vener av henne opp frå djupet i fjor.



Ein stor fordel på sommaren er å kunne gjere yoga utandørs.

Cily Shakti heklar bamsar og ponchoar på bestilling. Inntekta går til Verdas naturfond.

**Bryggelivet er sosialt, praktisk og ganske rimeleg.**

Cily Shakti